

## **Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 04.06.2014**

**Tom Skauge** sette fram forslag til utsetjing.

Fylkesutvalet meiner det er for tidleg å starte ein moglegheitsstudium for fylkesvegsamband med tilknytning til E39 Aksdal-Os. Fylkesutvalet ønskjer først betre avgjerdsgrunnlag:

- a) Kunnskap om CO2 utslepp frå produksjon og drift av vegen
- b) Regjeringa sitt forslag til planprogram

### **Røysting**

Tom Skauge sitt forslag til utsetjing fekk 1 røyst og fall.

**Tom Skauge** sette fram forslag om tilleggspkt.

Mogeleghetsstudien skal:

- a) Vurdera CO2 utslepp for alle alternativ.
- b) Vilkår for kollektivtilbodet for alle alternativ.
- c) Effekten for trafikken i Bergensdalen.

**Pål Kårbø** sette på vegne av KRF, SV, SP, A fram forslag til nytt pkt i innstillinga.

Mogeleghetsstudien bør geografisk strekkjast til Bergen for også å kunna vurdera «påkopling» frå indre Hordaland.

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Pål Kårbø sitt forslag til tilleggspkt fekk 6 røyster (A, SP, SV, KRF) og fall.

Tom Skauge sitt forslag til nye pkt fekk 1 røyst og fall.

### **Innstilling**

Fylkesutvalet ber om at det blir sett i gang arbeid med eit mulegheitsstudium for tverrsamband til E39 for strekninga Os-fylkesgrensa mot Rogaland. Denne skal ta føre seg tekniske, økonomiske og miljømessige aspekt ved nye samband og mulege arealbrukskonfliktar. Den skal særleg fokusere på det overordna fylkesvegnettet som blir tverrsamband til ny E39, men òg vurdere konsekvensar for kollektivtilbodet, samt konsekvensar for det øvrige fylkesvegnettet av mulege nærings- og bustadutbygging i området.